


**Avtale**  
**Mellom**  
**Sunnfjord Kommune og SA Naustdal Båtlag**

1. Denne avtala avløyser tidlegare avtale frå 1995, vedteken av Naustdal kommunestyret 15.12.94, sak 124/94.
2. SA Naustdal Båtlag har full disposisjonsrett over det arealet som var omfatta av tidlegare avtale, og over sjølve båthamna i det nye anlegget, til saman område A på kartet.
3. Disposisjonsretten gjeld i 10 år. SA Naustdal Båtlag har fyrsterett til fornying av avtalen. Eventuelt framleige av området skal godkjennast av kommunen.
4. I samarbeid med Sunnfjord kommune vil Båtlaget forsøke å finne eigna areal for oppføring av klubb/reiskapshus. Storleik og plassering av bygg vert avklara når Naustdal Båtlag tek initiativ til dette. Naustdal Båtlag er sjølv ansvarleg for å innhente naudsynte løyver for oppføring av bygg.
5. Sunnfjord kommune har drift- og vedlikehaldsansvaret for område C, men båtlaget har allmenn rett til bruk av området for tilkomst til hamna med anlegg og til bilparkering. Det er berre tillat parkering for bil. Det er ikkje tillat med båttoppstilling, lagring og båtvedlikehald på området.
6. Som vederlag for disposisjonsrett og kommunen sine kostnadar ved utbygging av båthamna, tek SA Naustdal Båtlag på seg ansvaret for desse arbeida:
  - Mudre ut båtbasenget etter godkjende planar. Mudringsmassane skal plasserast etter utarbeidde planar, og i samråd med kommunen sin tekniske etat.
  - Etablere, drive og halde vedlike gjestebrygge langs kaifront B. Plan for brygge skal godkjennast av kommunen.
  - Etablere, drive og halde vedlike slipp, merka D på kartet.

Både gjestebrygge og slipp skal vere tilgjengeleg for ålmenn bruk.

7. Arealet merka E er trafikkareal som skal nyttast av båtlaget i samband med sjøsetting og ilandsetting av båtar. Arealet skal elles nyttast til parkeringsplass for køyretøy. Deler av arealet kan nyttast til opplagsplass for båtar vinterstid. Retningslinjer for bruk av arealet skal fastsettast av båtlaget.
8. Det vert sett høge krav til orden og estetisk kvalitet i området, både med tanke på utbygging og drift. Kommunen kan pålegge SA Naustdal Båtlag å rydde opp i tilhøve som måtte vere i strid med dette.
9. Dersom det oppstår tvistar om denne avtalen eller om forhold med klar tilknytning til avtalen skal dette avgjerast med bindande voldgift.

Førde 16.10.20



Sunnfjord kommune



SA Naustdal Båtlag v/Leiar Daniel Stave





### Kartvedlegg - avtale med Naustdal båtlag om leige av areal

2020-10-19 09:41



Sunnfjord kommune

Utskrift frå [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no).  
 Rettar og bruk: Norge digitalt

